



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Næring- og miljøutvalet	
	Formannskapet	

Forskrift om graving og anna anleggsarbeid på kommunal grunn, Hareid kommune

Samandrag:

Det er behov for ei forskrift som regulerer graving og anna anleggsarbeid på kommunal grunn i Hareid kommune. Forskrifta rettar seg i hovudsak mot arbeid utført av eksterne aktørar og skal hindre uønskte hendingar, farlege situasjonar og skadar på kommunal grunn som følgje av at arbeid vert utført utan løyve eller i strid med gitt løyve.

Ein ynskjer å innføre gebyr for meirarbeid i tilfelle der graving og anna arbeid er i strid med lover og reglar. Dette gebyret kjem i tillegg til ordinære gebyr for løyve til slikt arbeid.

Kommunedirektøren si tilråding:

Formannskapet sender *Forskrift om graving og anna anleggsarbeid på kommunal grunn, Hareid kommune* på høyring.

Vedlegg:

Forskrift om graving og anna anleggsarbeid på kommunal grunn, Hareid kommune
Grave- og arbeidsinstruks for Hareid Kommune
Veglova - Lovdata
Forskrift om fremmede organismer - Lovdata
Plan - og bygningsloven - Lovdata

Saksopplysningar:

I 2025 vart det sett opp ein ny webportal for administrering av graveløyve og oppfølging av gravearbeid, Entreprenørportalen. Denne skal i utgangspunktet nyttast til søknad om grave- og arbeidsløyve frå entreprenørar som utfører arbeid på kommunal grunn, men også graving i privat grunn vert handsama i webportalen.

I samband med innføring av nye rutinar for søknad om graveløyve, vart det utarbeida ein graveinstruks. Denne var referert i NMU 7/10-25. I samband med vedtak av gebyrregulativ for 2026, vart det innført gebyr for handsaming av graveløyve og arbeidsvarslingsplan for graving i kommunal grunn.

Sjølv om graveinstruksen er relativt omfattande, dekker den ikkje alle aspekt ved gravearbeid. For å sanksjonere mot gravearbeid som er i strid med graveinstruks og generelle retningslinjer, treng vi ei forskrift for graving og liknande arbeid på kommunal grunn. Gravearbeid som er i strid med instruksen kan til dømes vere misbruk av opplysningar om leidningsnettet, graving utan løyve og/eller godkjent arbeidsvarslingsplan, uforvarleg handtering av masse/avfall, utilsikta spreieing av uønskte artar i norsk flora med vidare.

Betre oppfølging av gravearbeid har avdekka at entreprenørar i nokre tilfelle har starta gravearbeidet utan godkjenning og/eller utan innsendt søknad. Det er også problem med spreieing av uønskte artar, som til dømes parkslirekne. Ein ynskjer at entreprenørane skal ta meir ansvar for førebygging av spreieing når dei utfører arbeid i kommunen.

Ein ynskjer å innføre gebyr for tilfelle der graving og anna anleggsarbeid er i strid med lover og reglar. Grunngevinga for forskrift og tilleggsgebyr er at arbeid som er i strid med lover og reglar lettare kan føre til uønskte hendingar, farlege situasjonar og skadar på kommunal grunn. Slikt arbeid medfører ekstra ressursbruk og unødige lønskostnader for kommunen. Dette i form av kontrollar, synfaringar, dokumentasjon, oppfølging og tilhøyrande saksbehandling – og mogeleg reparasjonsarbeid. Gebyret bør vere stort nok til å dekke kommunen sine meirbelastningar. Gebyret skal fastsettast i samband med fastsetting av årleg gebyrregulativ.

Lovheimlar:

Etter veglova § 57 er det på eigedomsområdet til offentleg veg forbode å grave, ta bort masser, hogge tre, forsøple, leide inn kloakk- eller drensvatn eller gjere andre inngrep utan løyve frå vegstyremakta. Veglova § 32 fastset avstandskrav for private leidningar og anlegg langs offentleg veg.

Etter forskrift om fremmede organismer § 18 skal den som iverkset tiltak som kan medføre utilsikta spreieing av framande organismar i miljøet, opptre aktsomt for å hindre at aktiviteten får uheldige følgjer for biologisk mangfald.

Kommunen også kan illegge gebyr til den som med forsett, uaktsomt og utan løyve utfører tiltak i strid med plan- og bygningsloven, jmfør § 32-8 bokstav a og b.

Vurdering og konklusjon:

Ei forskrift som set rammer for graving og anna anleggsarbeid utført av eksterne aktørar, vil gi betre vilkår for å oppretthalde forsyningssikkerheit, trafikksikkerheit og økosystem. Slik kan ein hindre at arbeid vert utført i strid med kommunen sine instruksar for gravearbeid og at det oppstår uønskte hendingar, farlege situasjonar og skadar på kommunal grunn.

Ved å innføre tilleggsgebyr for oppfølging av slikt arbeid, får vi til ei viss grad dekkja lønskostnader knytt til dette. Ein kan også anta at gebyra har ein preventiv effekt.

Konsekvensar for barn og unge: Ikkje relevant

Konsekvensar for eldre: Ikkje relevant

Konsekvensar for menneske med nedsett funksjonsevne: Ikkje relevant

Likestillingsmessige sider ved saka: Ikkje relevant

Konsekvensar for folkehelsa: Auka trafikksikkerheit

Miljøkonsekvensar: Hindre spreiding av uønskte artar

Økonomiske konsekvensar: Kommunen får dekt kostnader med oppfølging og kan unngå kostnader knytt til reparasjonsarbeid

Beredskapsmessige konsekvensar: Auka forsyningssikkerheit

Bent Arild Grytten
kommunedirektør

Elisabeth Eiken
Spesialkonsulent